

Berre H og US i mot overføringar

24.09.2009



Blir det framleis TV Sydvest som skal overføra frå kommunestyret? Det kan ingen seia i dag. (Foto: Geir Remme)

**Berre Høgres fire og den eine representanten for US (Uavhengig Sentrum) var i mot då kommunestyret torsdag kveld vedtek å halda fram med overføring av møta via fjernsyn og internett.**

**Men om det som under prøveperioden blir Uskedalen-selskapet TV Sydvest som skal stå for overføringa er uvisst. Prosjektet blir sett ut på anbod der alle kostnadene skal dekkjast. Også Haugesund Avis og Kvinnheringen har signalisert sin interesse.**

**Rådmannen fekk fullmakt til å utarbeide grunnlaget for konkurranseutsetjing og innhenta tilbod på produksjonen. Tildelinga skal avgjerast av formannskapet.**

Steinar Prestnes (Sp) fekk mot fire røyster igjennomeit forslag at produksjonen skal vera kommunen sin eidegdom og gjerast tilgjengeleg for alle som ynskjer å senda han, uavhengig av om det skjer via TV eller internett.  
- Me ynskjer at flest mogeleg skal sjå sendingane og bør difor gjera dette slik at alle aktørar som ynskjer det får distribuert dei, både på TV og internett.  
Kostnadane er uansett knytta til produksjonen og ikkje til distribusjonen, sa Prestnes.



Bjarne Lilleaas (V) frå Uskedalen var for å halda fram med TV-overføring. (Foto: Kristian Hus)

Ole Torbjørn Holmedal (Frp) var einig med Prestnes og tykte det var eit godt forslag, men Øyvind Utne (H) gikk sterkt mot fleire overføringer frå kommunestyret. Han viste til at dei sit fire journalistar og skriv frå kommunestyret og at dei gjer det gratis for kommunen.

- Me treng ikkje å vera så PR-kåte at vi betalar for å koma på TV, sa Utne og viste til andre trengande føremål, til dømes ungdomsskulen i Rosendal som etter hans mening rotnar ned. Han kalta TV-sendingar for sløsing.

Otto Benjaminsen (KrF) meinte at forslaget frå Prestnes var ryddig. Han hadde fått positive tilbakemeldingar frå folk om sendingane og meinte at dei kunne bidra til å styrke lokaldemokratiet i ein langstrakt kommune.

- Det er litt annleis å se direktesendt TV enn å lesa om dette i ei avis, meinte han.

Bjarne Lilleaas (V) hadde tidlegare hatt same synet som Utne, men etter kvart hadde han fått signal om at folk ser på sendingane og meinte at dei er verd pengane. Og om ungdomsskule-parallelen sa han dette:

- Det er ei grense for kor langt ein kan pressa den sitronen!

Av Ola Matti Mathisen